



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Utgitt av:  
Kommunal- og regionaldepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire  
eksemplar av denne publikasjonen frå:  
Servicesenteret for departementa  
Kopi- og distribusjonsservice  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)  
Telefaks: 22 24 27 86

Oppgi publikasjonskode: H-2190 N  
Trykk: PDC Tangen 06/2006 Opplag 4500

# Regjeringa sin distrikts- og regionalpolitikk

Kortversjon av St.meld. nr. 21 (2005-2006)  
Hjarte for heile landet  
Om distrikts- og regionalpolitikken



Design: Dugg Design  
Omslagsfoto: Kapp Næringshage: Scritto  
Bulandsunger: Oddrun Midtbo  
Berg gård, Inderøy: Den Gyldne Omvei  
Gildeskåt: Miljøverndepartementet  
Ungdomshuset Tvibit: Tvibit  
Ericssonbygget, Grimstad: Ugland Eiendom



## Forord frå statsråden

FOTO: OLE WALTER JACOBSEN



Folk skal ha reelle val til å busetje seg der dei ønskjer. Regjeringa vil derfor gjennomføre eit distriktpolitisk krafttak for å oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmonsteret og leggje grunnlaget for verdiskaping i heile landet. I eit land med spreidd busetnad og store avstandar må vi ha vilje og evne til å føre ein politikk som vil noko meir enn å styre via rammevilkår og elles la marknaden rå. Regjeringa har ambisjonar om å medverke til ei framtid som sikrar arbeidsplassar og velferd der folk bur.

Regjeringa har våren 2006 lagt fram ei ny stortingsmelding der vi konkretiserer innhaldet i distrikts- og regionalpolitikken. Vi vil føre ein aktiv politikk for å utløyse det store verdiskapingspotensialet som finst i alle delar av landet gjennom næringsretta innsats, god infrastruktur og styrkt bruk av kunnskap.

Vi vil gjeninnføre ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift, og styrkje kommuneøkonomien som grunnlag for gode tenestetilbod og aktive og attraktive kommunar. Og vi vil ha eit spesielt fokus på samfunn med store utfordringar knytte til utvikling i folketal og arbeidsliv.

For å få til dette krafttaket er vi avhengige av ein målretta innsats på mange ulike politikkområde. Regjeringa legg vekt på å ta distrikts- og regionalpolitiske omsyn i sektorpolitiske avgjerder. Dei første stega er tekne i Soria Moria-erklæringa og i arbeidet med den nye stortingsmeldinga. Dette er ein arbeidsplan for ein offensiv distrikts- og regionalpolitikk i denne stortingsperioden. Ytterlegare konkretiseringar av innsatsen vil kome i dei årlege statsbudsjetta.

Denne kortversjonen gir ei oppsummering av hovudinnhaldet i stortingsmeldinga. Meldinga gir eit tydeleg signal om at regjeringa vil vere ein aktiv medhjelpar for alle dei som jobbar for å fremme ei positiv utvikling i sine lokalsamfunn uavhengig av kvar i landet dei ønskjer å leve og drive verksemd.

Åslaug Haga

## Mål for distrikts- og regionalpolitikken

Regjeringa vil gi folk reell valfridom i kvar dei vil bu og leggje grunnlaget for å ta heile landet i bruk. Regjeringa har eit sterkt ønske om at alle menneske i heile landet skal kunne utvikle evnene sine og leve gode og meningsfulle liv. Ein kan oppnå det gode livet på mange måtar, både i by og bygd. Regjeringa har som overordna mål i distrikts- og regionalpolitikken å leggje til rette for likeverdige levekår i heile landet og oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Politikken skal medverke til ei balansert utvikling mellom by og land. Auka verdiskaping og styrkt lokal og regional vekstkraft er både eit verkemiddel for å få dette til og eit mål i seg sjølv.

## Utviklinga lar seg styre!

### Utviklinga blir påverka av politiske val

Mange statlege sektorar og verksemdar har dei siste åra endra den lokale og regionale organiseringa. Posten, Forsvaret og sjukehusa er døme på dette. Slike omorganiseringar har hatt som hovudformål å få ein meir effektiv tenesteproduksjon ut frå sektorpolitiske mål, basert på styringsmodellar frå privat sektor. I sum har dette i stor grad medverka til sentralisering i statlege sektorar. Regionar med små senter og område med spreidd busetnad har sakte, men sikkert blitt tappa for både kompetanse og arbeidsplassar. Dette er i praksis resultatet av politiske val der sektorpolitiske effektivitetsomsyn og vurde-

ringar har vore prioriterte, utan at negative verknader for dei distrikts- og regionalpolitiske måla har blitt tatt omsyn til.

### Demografisk "nullsumspel" krev aktiv politisk innsats

Vilkåra for å nå målet om å oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret har endra seg dei siste tiåra. Tidlegare blei det fødd flest barn i kommunar utanfor dei større byområda. Dermed blei det lite nedgang i folketal sjølv om halvparten av dei unge flytta ut for å ta arbeid eller utdanning. I dag har denne geografiske skilnaden i talet på fødte blitt utjamna, samtidig som talet på unge som flyttar ut, har halde seg på same nivå. Vi har også ein svært liten befolkningsauke å fordele kvart år. Ein god del av auken vil kome i større byregionar, medan utviklinga i folketalet i mange andre område vil vere under press som følgje av færre fødte, skeiv aldersfordeling og utdanningsflytting som før. Dette demografiske "nullsumspelet" gjer utfordringa om å nå målet om å oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret meir reell og synleg enn tidlegare.

### Vidare sterk sentralisering har mange kostnader

Strukturendringar i næringslivet og ein fleksibel arbeidsstyrke har over tid medverka til å auke levestandarden og velferda i Noreg. Samstundes har slike endringar betydelege kostnader, på samfunns- og individnivå. Det har ein kulturell og sosial kostnad ved at det reduserer valfridomen til å busetje seg kvar ein vil. Mangfaldet i det norske samfunnet blir også mindre. Det har sosiale kostnader og miljøkostnader i pressområda.

Og ikkje minst har det økonomiske kostnader. Det gir behov for auka investeringar i infrastruktur og utvikling av tenestetilbod i pressområde, og dårleg og meir kostbar utnytting av tilbod i område med nedgang i folketalet. Det gir også dårleg utnytting av naturressursar og næringsmiljø, og svekkjer det potensialet for vekst og sysselsetjing som ligg i å ta heile landet i bruk.

## Viktige utfordringar

### Utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet

Vi finn næringsmiljø, kompetansmiljø og verksemdar i alle delar av landet som medverkar til verdiskaping og konkurransekraft for landet. Det er viktig å utnytte potensiala i desse miljøa i ein stadig meir globalisert økonomi. Store delar av eksportretta næringsliv ligg utanfor dei største byområda, både i eksisterande industri og i stadbundne ressursar. I byområda finn vi spesialiserte næringsmiljø og viktige forskings- og kunnskapsmiljø. Det er ei utfordring å utnytte potensiala i desse miljøa til auka verdiskaping, og leggje til rette for samarbeid mellom ulike nærings- og kunnskapsmiljø.

### Tilgang på teneste- og velferdstilbod

Kommunar og fylkeskommunar er ansvarlege for store delar av teneste- og velferdstilbodet, slik at dei kan bli tilpassa lokale tilhøve. Staten har også ansvar for viktige tenester, som sjukehus og fødetilbod. Det er nødvendig å sikre at kommunar og fylkeskommunar har økonomiske rammevilkår som gjer at dei

kan gi eit godt tenestetilbod, og å sikre at distrikts- og regionalpolitiske omsyn blir innebygde i sektorpolitiske avgjerder.

### Tilgang på arbeidsplassar der folk bur

Ein stor del av veksten i sysselsetjinga i landet kjem i tenesteytande sektor. Den lokale sysselsetjinga blir i stor grad spreidd på alle kommunar, medan bedriftsretta og kunnskapsbasert tenestetyting i stor grad kjem i større byområda. Det er ei stor utfordring å medverke til framtidretta utvikling av nye konkurransedyktige verksemdar utanfor dei større byområda, basert både på regionale fortrinn og potensial og på utnytting av det høge kunnskaps- og kompetansenivået vi finn i landet.

### Innsats som i sum kan skape optimisme og framtidstru

Innanfor det distriktpolitiske virkeområdet finn vi mange småsenter og område med spreidd busetnad som er spesielt utsette for nedgang i folketalet og i sysselsetjing. Det er ei utfordring å etablere eit breitt spekter av distrikts- og regionalpolitiske tiltak som kan medverke til å bygge opp under optimisme og framtidstru i desse områda, slik at både personar og næringsdrivande ønskjer å satse på staden.

### Bygder og tettstader som attraktive stader for busetjing, særleg for unge og kvinner

For å få unge i etableringsfasen til å flytte til eller bli på mindre stader, må grunnleggjande føresetnader knytte til arbeid, inntekt og tenester vere til stades. Men det er ikkje nok. Stadene og nærmaste senter må også vere attraktive både i høve til



FOTO: UGLAND EINDOM



FOTO: DEN GULDNE OMVEI



kultur- og fritidstilbud, nettverk for omsorg, friluftsopplevingar, tilgang på møteplassar, estetisk utsjånad og bustadtilbod. I tillegg vil ein attraktiv stad vere prega av opne haldningar til innflyttarar og mangfald i interesser og livsformer. Mange bygder og tettstader har kvalitetar som kan synleggjerast enda betre enn i dag.

#### Små og mellomstore byar som attraktive alternativ til dei største byane

Små og mellomstore byområde er viktige for å ta vare på hovudtrekka i busetnadsmønsteret, både i seg sjølv og gjennom rolla dei spelar for omlandet som regionsenter med omsyn til spesialiserte tenester, utdanningstilbod og kompetansmiljø. Fleire småbyregionar, særleg innanfor det distriktpolitiske virkeområdet, opplever betydelege omstillingar i nærings- og arbeidslivet og stagnasjon i folketalet. Det er viktig å gjere små og mellomstore byar attraktive som alternativ til dei største byane, både når det gjeld busetjing, utvikling av personleg karriere og etablering av næringsverksemd.

## Felles ansvar for å nå måla

Regjeringa legg vekt på at utforminga av politikken på mange sektorområde må ha eit geografisk perspektiv. Det er også behov for sterke lokale og regionale politiske nivå som kan tilpasse offentleg innsats til lokale tilhøve. Regionale aktørar har ei særleg viktig rolle i å medverke til å utnytte potensiala for næringsutvikling og busetjing i alle delar av landet. Samstundes treng vi eit sterkt statleg nivå for å sikre nødvendig samspel og likeverdige rammevilkår på tvers av geografiske skilnader, for å motverke at nokre regionar blir taparar sjølv om landet totalt sett går godt. Regjeringa legg vekt på at staten må ha eit sentralt distriktpolitisk ansvar for å sikre gode tenester og ressursar til utvikling i område som har mindre økonomisk grunnlag lokalt.

Område med avstand til større marknader, nedgang i folketal og omstruktureringar i nærings- og arbeidslivet har særlege utfordringar. Regjeringa vil gjennomføre eit distriktpolitisk løft, med fokus på slike område. Eit slikt løft kan ikkje gjennomførast med økonomiske midlar aleine. Å få til utvikling krev også lyst og vilje til å få til resultat. Regjeringa legg derfor stor vekt på å støtte opp under lokale og regionale initiativ, kreativitet og engasjement som fremmer ønskt utvikling og som viser at det nyttar å satse også utanfor byregionane.

Regjeringa vil føre ein politikk som medverkar til ei balansert utvikling mellom by og land. Regjeringa ønskjer byar som fungerer som ei drivkraft i nasjonal og regional utvikling. Regjeringa vil leggje fram ei eiga stortingsmelding om hovudstadsregionen hausten 2006.

## Hovudinnretninga i ein offensiv distrikts- og regionalpolitikk

### Samordning og desentralisering

#### Regjeringa vil:

- Sikre at sektorpolitikken medverkar til å nå distrikts- og regionalpolitiske mål, mellom anna gjennom eit nytt regjeringsutval for distrikts- og regionalpolitikk.
- Styrkje lokaldemokratiet og desentralisere oppgåver og ansvar.
- Støtte opp under rolla til kommunar og fylkeskommunar som samfunnsutviklarar, mellom anna gjennom forvaltningsreforma.
- Fremme heilskap og samhandling mellom dei mange aktørane som sikrar velferdstenester, slik at tenestene er tilgjengelege og av høg kvalitet.
- Lokalisere ny statleg verksemd utanfor Oslo, med mindre det ligg føre særskilte grunnar for å lokalisere dei til Oslo.
- Utvikle ein differensiert arealpolitikk, og fremme bruken av regionale planar på viktige samfunnsområde.

### Lokal velferd og utviklingskraft

#### Ein sterk kommuneøkonomi som botnplanke i ein aktiv distrikts- og regionalpolitikk. Regjeringa vil:

- Rette opp den økonomiske ubalansen i kommunesektoren som grunnlag for gode teneste- og velferdstilbod og aktiv lokal samfunnsutvikling.

- Vidareutvikle støtta til små kommunar med regionaltilskotet.
- Sørgje for at det er samsvar mellom pålagde oppgåver og finansiering.

#### Gode helsetilbod i alle delar av landet. Regjeringa vil:

- At helse- og omsorgstenestene skal vere desentraliserte, tilgjengelege og av høg kvalitet.
- Oppretthalde eit desentralisert sjukehusstilbod. Ingen lokalsjukehus skal leggjast ned.

### Ein aktiv næringsretta distrikts- og regionalpolitikk

#### Regjeringa vil utnytte handlingsrommet i den næringsretta distrikts- og regionalpolitikken og vil:

- Gjeninnføre ordninga med regionalt differensiert arbeidsgivaravgift frå 1. januar 2007 i eit så stort geografisk område som mogleg, og etablere alternative ordningar til differensiert arbeidsgivaravgift i aktuelle område. (Oppdatert og meir detaljert informasjon finst på heimesidene til Kommunal- og regionaldepartementet og Finansdepartementet.)
- Utvide det distriktpolitiske virkeområdet for bedriftsstøtte.
- Styrkje den målretta verkemiddelbruken gjennom Innovasjon Noreg, SIVA, Forskningsrådet, fylkeskommunane og kommunane.
- Medverke med ulike typar risikokapital gjennom mellom anna såkornfond.
- Støtte etablering av nye næringshagar og nyskaping i eksisterande næringshagar, og ei eiga gründersatsing på kvinner i næringshagar.

4



FOTO: NTNU/INFORMASJON/PETER NISS





FOTO: SCRITTO, HILDE BRINGSØ



FOTO: DEN GULDE OMVEI

5



- Støtte oppretting av fleire Norwegian Centres of Expertise (NCE).
- Auke talet på gründerar og nyetablerarar, gjennom støtte til entreprenørskap i skolen, bistand til etablerarar, kommersialisering av forskingsbaserte idear og knoppskytingar frå eksisterande næringsliv.
- Redusere barrierar for unge, kvinner og innvandrarar som ønskjer å starte opp si eiga verksemd.
- Vurdere å opne for støtte til driftsutgifter for små verksemder i oppstartåra.
- Satse på kommunale næringsfond via fylkeskommunane, og fremme samarbeid mellom kommunar om næringsutvikling.

#### Næringsretta sektorinnsats som er viktig for arbeidsplassar og næringsutvikling utanfor dei største byområda

##### Kulturbasert næringsutvikling. Regjeringa vil:

- Utvikle ein handlingsplan for satsing på kultur og næring.
- Leggje til rette for å fremme kulturbasert næringsutvikling.
- Stimulere til utnytting av kulturminne og kulturmiljø som grunnlag for utvikling av levande lokalsamfunn og verdiskaping.

##### Reiseliv. Regjeringa vil:

- Utvikle ein nasjonal reiselivsstrategi som byggjer på nærleik til natur og norsk kultur, og som tek i vare satsinga på grønt reiseliv og reiselivsnæringa som distriktsnæring.

##### Landbrukspolitikken. Regjeringa vil:

- Vidareutvikle distriktsprofilen i landbruksstøtta.
- Utnytte Bygdeutviklingsmidlane for å fremme nyskaping i landbruket.
- Leggje til rette for eit aktivt skogbruk og foredling av trevirke.
- Vidareutvikle verdiskapingsprogramma for matproduksjon og reindrift.

##### Vern, forvaltning og bruk av verneområde. Regjeringa vil:

- Greie ut korleis verneområda i større grad kan nyttast betre til lokal og regional næringsutvikling innanfor ramma av vernepolitikken.
- Sjå nærmare på erstatningsordningane etter verving av område.

##### Fiskeri og havbruk. Regjeringa vil:

- Handheve leveringsvilkåra knytte til ferskfisktråleflåten strengt.
- Leggje til rette for ein fiskeflåte som medverkar til aktivitet og sysselsetjing langs heile kysten.
- Etablere gode konkurransevilkår for havbruksnæringa som kan medverke til verdiskaping langs kysten.
- Etablere eit nytt marint program for innovasjon og auka verdiskaping. Innføring av distriktskvoter i torskefisket for enkelte fartøygrupper.

##### Petroleumsverksemda i nordområda. Regjeringa vil:

- Medverke til at auka petroleumsaktivitet i nordområda fører til ringverknader på land i Nord-Noreg.
- Medverke til auka kontakt over landegrensene i nordområda.

##### Alternative energiformer. Regjeringa vil:

- Stimulere til auke i produksjonen av fornybar energi gjennom støtte frå Energifondet som er forvalta av Enova.
- Stimulere til energiproduksjon og varmeløysing frå aktørar i landbruket gjennom bioenergiprogrammet.

##### Utvikling av attraktive stader

##### Regjeringa ønskjer å stimulere til utvikling av attraktive stader gjennom å:

- Formidle erfaringar og kunnskap om stadutvikling og bruk av kultur for å byggje lokal identitet og utløse mobilisering.
- Medverke til eit godt samspel mellom offentleg og frivillig sektor.
- Medverke til betre utnytting av ressursane på landbruks-eigedomane.
- Gi Husbanken ei meir aktiv rolle i distriktsområde.

##### Ein god infrastruktur for heile landet

##### Regjeringa ønskjer å utvikle ein infrastruktur som er likeverdig for heile landet og tilpassa behova til næringslivet og befolkninga, gjennom å:

- Sikre god tilgang på breiband, mobildekning og TV-signal der folk bur.
- Redusere avstandsulempar for reiser og transport av varer, fjerne flaskehalsar og knytte arbeidsmarknader nærmare saman.
- Auke satsinga på rassikring, redusere utgifter til riksvegferjer, vurdere modellar for og forsøk med gratisferjer og leggje til rette for sikker og effektiv transport langs kysten.
- Oppretthalde dagens flyplasstruktur.
- Vidareføre utjamningsordninga for nettleiga for straum, og vurdere alternative ordningar for å jamne ut nettleiga.
- Vurdere tiltak for å redusere skilnader i drivstoffprisane.

##### Utvikling av høgare utdanning og FoU i alle delar av landet

##### Regjeringa legg vekt på å utvikle og styrkje utdannings- og forskingsmiljøa i alle delar av landet, og vil etter evaluering av kvalitetsreforma vurdere korleis:

- Kvalitetsreforma og finansieringssystemet påverkar utviklinga i høgskole- og universitetsstrukturen.
- Studietilbod og studenttilgang kan bli spreidd betre enn i dag.
- Finansieringssystemet kan medverke til å styrke koplinga mellom universitet/høgskolar og næringsliv i ulike delar av landet.
- Finansieringsordninga kan fremme desentralisert høgare utdanning.
- Regjeringa vil satse på tiltak som stimulerer forskingsinnsats i næringslivet, og ønskjer å få ei betre geografisk spreing av FoU-aktivitet.



FOTO: SCRITTO, HILDE BRINGSLI



FOTO: RUDI GARD



FOTO: ODD-ARILD BUGGE



FOTO: SCRITTO, HILDE BRINGSLI

### Særskild innsats i område med lågt folketal eller omstillingsutfordringar

Regjeringa ønskjer å medverke til å skape optimisme og framtidstru i småsamfunn med utfordringar i folketal og næringsliv, gjennom å:

- Setje i gang ei eiga satsing for å stimulere til vekst og utvikling i småsamfunn i samarbeid med fylkeskommunar og kommunar.
- Vidareutvikle MERKUR-programmet (Merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkar) og ei eiga utviklingsstøtte til dei mest marginale utkantbutikkane.
- Starte opp eit prøveprosjekt om føraropplæring knytt til dei vidaregåande skolane for unge som bur i distrikta.


• Regjeringa vil medverke til etablering av utviklingsstrategiar for sårbare samfunn i fjellområda parallelt med vidareutviklinga av landbrukssektoren.

• Regjeringa meiner at kriser av større omfang i nærings- og arbeidslivet i eit område også bør vere eit nasjonalt ansvar når det gjeld finansiering av tiltak.

• Kommunal- og regionaldepartementet planlegg å etablere eit kompetansesenter for distriktsutvikling som kan

spreie erfaringar og kunnskap om verknaden av utviklingsprosjekt, pilotar og tiltak for å fremme lokal utvikling.

- Kommunal- og regionaldepartementet vil medverke til å synleggjere eldsjeler og lokalsamfunn mellom anna ved å etablere ein pris.
- Kommunal- og regionaldepartementet vil etablere eit råd med unge i utdannings- og etableringsfasen som kan medverke til utvikling av distrikts- og regionalpolitikken.



8



FOTO: NTNU INFOTROR NIELSEN

